

Rehabilitering etter gynekologisk kreft

Sigrund Breistig, Ph.D. stipendiat VID

Kari Marie Thorkildsen, Førsteamanuensis HVL

Tine Nordgren, Prosjektansvarleg INTROMAT, Helse Bergen

Ragnhild Johanne Tveit Sekse, Professor VID, Sexologisk rådgivar, NACS, Helse Bergen




Bakgrunn

Kvinner som er ferdig behandla for gynekologisk kreft lever lenge med både fysiske, psykiske og psykososiale utfordringar. Etter behandling har kvinnene behov for ei meir heilskapleg tilnærming med fokus på livskvalitet. For å møte dette behovet er Gynea utvikla. Sjå meir under Gynea.

Hensikt

Denne studien skal utforske dei levde livserfaringane til kvinner som er ferdigbehandla for gynekologisk kreft, og som har teke del i Gynea. Studien har hovudfokus på følgande område:

- Behov for oppfølging etter behandling.
- Deltaking i ein digital intervasjon.
- Behov for rehabilitering av seksuell helse.



Metode og utval

Studien nyttar fenomenologisk hermeneutisk metode, der data består av transkriberte djupne intervju med 17 kvinner som tok del i Gynea mellom September 2020 til og med September 2021. Opptak til intervasjonen er gjort frå 5 – 12 mnd etter avslutta kreftbehandling. Intervju er utført på videosamtale, to til fire veker etter intervasjonen. Studien skal vera ferdig ved utgongen av 2023.



Kontakt:

Vil du vite meir om Gynea? Sjå gynea.no

Vil du vite meir om INTROMAT? Sjå intromat.no

Vil du vite meir om denne studien? sigbre@vid.no

"Det er jo ikkje eit verdig liv, viss eg skal gå resten av livet og væra så bekymra som eg er no."


« Kvinne 40, om tida etter behandling. »

"Eg må ha kontroll på kroppen min sjølv først."

« Kvinne 50, om seksuell helse etter sjukdom og behandling. »

"Og der møter eg ei dame. Ho er akkurat slik som meg."

« Kvinne 60, om å ta del i Gynea. »



Gynea

Gynea er ein nettbasert intervasjon som gir psykososial støtte etter gynekologisk kreft. Gjennom den digitale intervasjonen får kvinnene informasjon, øvingar, og råd knyta til seks ulike tematikkar, over seks veker. I programmet møter ein historiane til tre fiktive kvinner som har hatt kreft. Kvar veke har deltakarane samtale med sjukepleiar.

Gynea er ein del av prosjektet INTROMAT (INTroducing personalized TRreatment Of Mental health problems using Adaptive Technology), og er støtta av Norges Forskningsråd.